



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Møterom 2. etasje, Fitjar rådhus
Dato: 27.08.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Eva Pernille Tufteland	LEIAR	
Arvid Ole Refvik	NESTL	
Torunn Johansen	MEDL	
Grete Marit Veka Maraas	MEDL	SP

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Trude Miland Helland	MEDL	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Anne Økland	Helse- og sosialsjef

Aksel Ytrenes (Seniornett)

Eva Pernille Tufteland
Leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 24/18	Godkjenning av møteinnkalling	
PS 25/18	Godkjenning av saksliste for møtet 27.08.18.	
PS 26/18	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 28.05.18	
PS 27/18	Orienteringssaker	
PS 28/18	Brosjyre om eldrerådet i Fitjar	
PS 29/18	Eldredagen 2018	
PS 30/18	Ymse	

PS 24/18 Godkjenning av møteinnkalling

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteinnkalling til møtet 27.08.18.

Behandling i Eldrerådet - 27.08.2018:

Eldrerådet hadde ingen merknader til innkallinga og godkjente denne.

Vedtak:

Eldrerådet godkjente møteinnkallingen til dagens møte.

PS 25/18 Godkjenning av saksliste for møtet 27.08.18.

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner sakslista for møtet 27.08.18.

Behandling i Eldrerådet - 27.08.2018:

Eldrerådet godkjente sakslista for dagens møte.

Vedtak:

Eldrerådet godkjente sakslista.

PS 26/18 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 28.05.18

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 28.05.18.

Behandling i Eldrerådet - 27.08.2018:

Eldrerådet godkjente møteprotokollen frå møtet den 28.05.2018.

Vedtak:

Eldrerådet godkjente møteprotokollen frå førre møte.

PS 27/18 Orienteringssaker

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet tak orienteringssakene til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 27.08.2018:

- Ordfører Wenche Tislevoll kunne ikkje møte til dagens møte. Ho hadde innkalla Askel Ytrenes som informerte om Seniornett.
- Kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland orienterte om den kulturelle spaserstokken. Søknadsfrist er 1. september. Det blei satt møte 30.08.18.

Dei som møtte var Bente Bjelland, Wenche Tislevoll, Ellinor Austad Bergesen frå Frivilligsentralen, Johannes Nesbø frå Seniorsenteret. Representant frå eldrerådet demensforeninga kunne ikkje møte. Søknad blir utarbeida og sendt innan fristen.

- Helse- og sosialsjef Anne Økland informerte om ombygging og ventelister.
- Leiar Eva Pernille Tufteland refererte frå Eldrerådsamlinga på Tysnes.
- Eldrerådet hadde ingen merknader til referatet frå Fylkeseldrerådet.

Vedtak:

Eldrerådet tek orienteringssakene til vitande.

PS 28/18 Brosjyre om eldrerådet i Fitjar

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 27.08.2018:

Eldrerådet godkjente siste utkast til brosjyre. Brosjyra skal introduserast på Eldredagen. Sekretær kopierer opp brosjyrer til utdeling.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner utkast til brosjyre.

PS 29/18 Eldredagen 2018

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 27.08.2018:

Fordeling av oppgåver på Eldredagen.

Torunn Johansen og Inga Helene Skumsnes sel billetter.

Torunn Johansen kjøper inn blomar og sjokolade til dei som underholder.

Arvid Ole Refvik kontakter Fitjar fjordhotell ang. gavekort på komlemiddag.

Torunn Johansen tar kontakt med Rema Fitjar og Larsen multihandel for gevinster.

Sekretær kopierer opp songhefter og plakater.

Vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

PS 30/18 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Eldrerådet - 27.08.2018:

Representanten Grete Marit Veka Maraas har sendt inn spørsmål til rådmann og ordførar ang. adresser i kommunen:

«Korleis kan det ha seg at naudetatane ikkje har rett namn/adresse på vegar i Fitjar? Ynskjer at spørsmål og svar, vert lagt som meldingsak, evt info til fyrste møte i utvala, formannskap og kommunestyre.»

Rådmannen har sendt spørsmålet vidare til brann- og driftsjef Tore Nesbø med beskjed om å sende svaret til sekretær som formidlar dette vidare til eldrerådet.

Sangstund:

Det jobbast fortsatt med å få i gang «Songstund på institusjonane, seier representanten Grete Marit Veka Maraas. Prosjektet manglar ein koordinator og ein vil spørre «Frivilligsentralen» om dei kan bidra.

Apotek:

Eldrerådet ynskjer å få i stand apotek i Fitjar og ber ordførar undersøkje igjen.

Beredskap for heimebuande brukarar:

Leiar Eva Pernille la fram spørsmål om beredskapsplan for heimebuande brukarar i kommunen.

Sekretær har fått svar frå rådmann: Kommunen har ikkje planar spesifikt for eldre. Men vi har planar for evakueringscenter, og vi har rutiner for håndtering av ekstremvær som er ein del av ROS analysen.

Vedtak: